


Dølen

## Journalist og lyrikar

☞ Aasmund Olavsson Vinje (1818–1870) voks opp i enkle kår i Vinje i Vest-Telemark. Faren var interessert i litteratur, og den unge Aasmund las alt han kom over. Han arbeidde som omgangsskulelærer i fleire år, først i heimfylket Telemark, seinare på Sørlandet.

☞ Frå 1848 skreiv han for Morgenbladet, samstundes som han fekk plass på Heltbergs «studentfabrikk». Siste året på studentfabrikken gjekk han saman med Bjørnstjerne Bjørnson og Henrik Ibsen. Vinje tok examen artium og deretter juridisk embetseksamen. I tillegg studerte han norrønt språk.

☞ I perioden 1851–1858 var han hovudstadskorrespondent for Drammens Tidende. Han markerte seg som ein kløktig journalist. Alt den gongen var



han inspirert av Ivar Aasens arbeid. Vinje skreiv dansk, men tok inn stadig fleire norske ord og uttrykk i skriftspråket sitt.

☞ I 1858 starta han si eiga vekeavis, Dølen. På same tid gjekk han over til å skrive landsmål, på den tida eit risikabelt prosjekt for ein som ville leve av å skrive. Dølen var den første vekeavisa på landsmålet, og ho kom ut med ujamne mellomrom heilt fram til 1870.


☞ Vinje var ikkje berre journalist, men også lyrikar. I dag er det dikta hans på landsmål vi kjenner best, enda han også skreiv dikt på dansk. Dei fleste dikta stod først i Dølen og vart seinare samla i egne bøker.



*Reidar Djupedal, professor i nordisk språk, meiner at Vinje var ein føregangsmann for norsk journalistikk og norsk lyrikk.*



*Aasmund Olavsson Vinje voks opp i enkle kår i Vinje i Vest-Telemark. Visesongaren Odd Nordstoga er fødd på nabogarden, og er godt kjend i Vinjestova.*



## Politikk og folkeopplysning

☛ Mellom 1843 og 1848 var Vinje lærar på borgarskulen i Mandal. Her vart han kjend med bondeføraren Søren Jaabæk, som saman med Johan Sverdrup la grunnlaget for partiet Venstre. Jaabæk vekte den politiske interessa hos den unge

telemarkingen, og Vinje tok til å skrive innlegg i aviser, både lokalt og sentralt. Frå no av var han sterkt oppteken av politikk og samfunnstilhøve, og ikkje minst av moderniseringa som den tekniske utviklinga førte med seg.

☛ Gjennom heile livet var folkeopplysning og arbeidet for danning og utdanning eit viktig mål for Vinje. Han ville få folk til å tenkje kritisk og gjere seg opp sjølvstendige meiningar. I ein av avisartiklane sine frå tida i Drammens Tidende skreiv han: *«Sandheden er ikke noget fixt og færdigt, men en Proces, noget flydende. Det er alene grovslagne Mennesker som vil tage Sandheden og putte den i Lommen.»* Denne kritiske grunnhaldninga til etablerte sanningar og vanetenking prega også heile det journalistiske arbeidet hans.



## Kritisk journalist med tvisyn

☞ Vinje var eit skrivande menneske og levande interessert i det meste som rørte seg rundt han. Han sette høge krav til journalistrolla: Ein journalist skulle vere rettleiar og opplysar, og han skulle evne å sjå ei sak frå meir enn ei side. Det var ikkje vanleg på den tida, og var ein av grunnane til at kritikarane hevda at han var vinglete. Men Vinje avviste kritikken og peikte på at han hadde eit *tvisyn*. Med andre ord: Han meinte sjølv han hadde evna til å sjå ei sak frå fleire sider, og at det var nødvendig å bruke denne evna.

☞ Dette tvisynet har vorte ståande som eit kjennemerke ved avismannen Vinje. I dag er det eit krav til journalistar at dei skal kunne sjå ei sak frå meir enn ei side, og vi kan derfor kanskje seie at Vinje var den første kritiske journalisten her i landet.



*Ein karikatur av Vinje i bladet Vikingen (1865), med overskrifta «Hva der bliver av norske Forfattere». Vinje hadde på den tida ei stilling som ekstraskrivar i Justisdepartementet. Journalistikken gav ikkje noka inntekt å leve av.*

## Vekeavisa Dølen

☛ Vinje gav ut vekeavisa Dølen frå 1858 og fram til han døydde i 1870. Innhaldet var ei blanding av sakprosa og poesi, og han skreiv det aller meste sjølv.

☛ I Dølen kunne folk lese om alt frå politikk, samferdsel, økonomi og teknologisk utvikling til utdanning og kulturliv. Vinje hadde kunnskapar og meiningar om det meste, og han elska å utfordre lesarane. Han utvikla ein essayistisk skrivemåte som var heilt ukjend for folk flest på den tida, full av ironi, humor, overdri-vingar og med eit tydeleg forfattar-eg. Somme lesarar mislikte stilen til Vinje og slutta å abonnere på Dølen. Andre heldt avstand på grunn av landsmålet.

☛ Vinje kunne vere omsynslaus i vurderingane sine. Mellom anna omtalte han bondeforteljinga «Arne» (1859) av Bjørn-

# Dølen.

Et Ugeblad.

No. 21.

Auslag den 1de Junii 1851

nr. 5074

Man skal ha det for sig  
at det er en  
Sag om en  
Sag om en  
Sag om en

«Enger Bitter»  
Sag om en  
Sag om en  
Sag om en  
Sag om en

Man skal ha det for sig  
at det er en  
Sag om en  
Sag om en  
Sag om en

Man skal ha det for sig  
at det er en  
Sag om en  
Sag om en  
Sag om en

son på ein nokså infam måte. Vinje meinte at Bjørnson gav ei idealisert søndagsframstilling av bøndene og bondelivet i forteljingane sine, og han syntest tida no var inne for å gjere seg ferdig med den nasjonalromantiske sjølvdyrkinga. Derfor lest han som om forteljingane var parodiar på den nasjonalromantiske bondedyrkinga, enda han var fullt klar over at Bjørnson ikkje hadde hatt nokon slik intensjon.

☛ Dølen var på mange måtar livsverket til Vinje, men det kosta han mykje. Han sleit økonomisk for å få det heile til å gå rundt, og i periodar kom bladet ut nokså sporadisk.

## Reporter og fotturist

☛ Vinje elska å reise. Sommaren 1860 drog han til Trondheim for å vere med på kongekroninga av Karl 4. Han tok toget til Eidsvoll, og derifrå gjekk turen vidare gjennom Østerdalen og over Dovre fram til stiftsstad. Heimturen gjekk med båt til Kristiansund, deretter til fots gjennom Romsdal og Gudbrandsdalen attende til Kristiania.

☛ Inntrykka frå denne reisa vart gitt ut i bokform i 1861 med tittelen *Ferdaminni frå Sumaren 1860*. Boka er ei essayistisk reiseskildring, der Vinje flettar saman naturskildringar, anekdotar og andre korte forteljingar, dikt, små personportrett og refleksjonar over folk og levesett ymse stader på ferda. Han roser mykje av det han ser undervegs, samstundes som han er kritisk til det han oppfattar som vanstell og vankunne hos bøndene.



Frå Jotunheimen



Vinjes opningsdikt til reiseskildringa  
*Ferdaminni frå Sumaren 1860*



## «Grauten på Grut»

☛ Eit av kapitla i *Ferdaminni frå Sumaren 1860* har tittelen Grauten på Grut. Vinje har gått frå Rennebu, bada i Orkla og kjenner at svolten sig på. Han stikk innom gjestgivargarden på Grut og får servert havregraut:

*Det var Havregraut av det rette Slaget, det. Sådene stod med Piggar nett som Busti på ein Griserygg, og svart var han som Oskegraut. Eg fekk god Mjølke og åt og åt, og det skura ned gjennom Halsen, liksom når Grantoppen vert slipa og dregen ned igjennom Omnspipa. Det var så det skalv i meg av all denne sæle Nytinga i kvar Beten. Men då eg bar til at metna, tenkte eg på at gjeva ut ei Lærebok i Etarvitenskapen (Gastronomi), der Grauten på Grut skulde vera fyrste Kapitelet. Storetarar skulle kjenne for ei Sæle det er når det såleis skrapar og riflar ned igjennom og riv med seg gamle Mat-syndar.*





☞ Vinje skildrar matopplevinga detaljert og med ein god porsjon humor og ironi. Men måltidet gir han òg høve til å reflektere over kvifor folk dyrkar nettopp havre i kystområda nord og vest i Noreg:

*Det er inkje Under, at Folk her Nordanfjølls og Vestanfjølls langs Sjøkanten saar mest berre Havre. Salt Sild og slik Havregraut er noko som kan bita og skrapa og kveikja opp det late Huglyndet; og so er Havren ein slik Slusk, at han kan veksa i kaldsur Jord, der Bygg og finare Kornslag døyr ut.*

☞ Vinje peiker på at det er fullt mogleg å dyrke bygg mange stader der det no berre veks havre, men det krev at ein veitar ut jorda slik at ho blir tørrare.

☞ Etter denne meir saklege utgreiinga kjem Vinje brått til å tenkje på den norrøne guden Tor. *Den eldre Edda* fortel at også han livnærte seg av havre og sild. Det er lett å skjønne at Tor var ein omtykt gud

i gamle dagar, synest Vinje, for han var så lik dei menneska som dyrka han, han åt jamvel det same som dei. Det einaste Tor mangla, legg han til, var humor.

☞ Kva vil Vinje med denne ironiske samanlikninga? Vi veit at han hadde lite til overs for idealiseringa av den norske bonden og den norske veremåten, som var vanleg hos dei nasjonalromantiske forfatarane på 1800-talet. I «Grauten på Grut» prøver han å teikne eit meir realistisk og truverdig bilete av menneska i eit norsk dalføre, samstundes som han stiller seg kritisk til måten jordbruket vart drive på rundt om på bygdene.



*Aasmund Olavsson Vinje tråkka nok mange på tærne med det han skreiv. Høyr kva professor Olav Midttun fortel om reaksjonane på forteljinga om Grauten på Grut.*

## Vinje som lyrikar

☞ Vinje skreiv ein del lyrikk og gav ut tre diktsamlingar: *Diktsamling* (1864), *Storegut* (1866) og *Blandkorn* (1867). Storparten av dikta i desse samlingane var tidlegare publiserte i Dølen, somme også i *Ferdaminni frå Sumaren 1860*.

☞ Mange av dikta til Vinje har vorte ein del av den nasjonale lyrikkarven vår, ikkje minst dei som er tonesette: «Ved Ron-



dane», «Gamle Mor», «Våren», «Den dag kjem aldri» og «Blåmann».

☞ Diktet «Ved Rondane» vart først trykt i *Ferdaminni frå Sumaren 1860* og er av dei mest kjende. Det opnar slik:

*No ser eg atter slike fjell og dalar  
som dei eg i min første ungdom såg.  
Og same vind den heite panna svalar,  
og gullet ligg på snjo, som før det låg.  
Det er eit barnemål som til meg talar,  
og gjer meg tankefull, men endå fjåg.  
Med ungdomsminne er den tala blanda:  
Det strøymer på meg so eg knapt kan anda.*

☞ Diktet skildrar ei sterk natur-oppleving. Eg-personen kjem til å tenkje på barndommen sin og kjenner glede over at fjella og landskapet framleis gjer eit like sterkt inntrykk på han som før. Han har vorte eldre, men han veit kvar han kjem frå, og denne forvissinga gjer han trygg og glad.



☞ Det mest kjende kjærleiksdiktet til Vinje er nok «Den dag kjem aldri». Her bruker Vinje ei strofeform frå folkelitteraturen, nystevet. Ho høver godt til den konkrete, enkle skildringa av ei intens forelsking.



«Tyteberet» lese av  
Olafr Havrevold



Vinjes songar  
på YouTube

## **Den dag kjem aldri**



*Den dag kjem aldri at eg deg gløymer;  
for om eg søver, eg om deg drøymer.  
Om natt og dag er du like nær,  
og best eg ser deg når mørkt det er.*

*Du leikar kringom meg der eg vankar.  
Eg høyrer deg når mitt hjarta bankar.  
Du støtt meg fylgjer på ferdi mi,  
som skuggen gjeng etter soli si.*

*Når nokon kjem og i klinka rykkjer,  
d'er du som kjem inn til meg, eg tykkjer.  
Eg sprett frå stolen og vil meg te,  
men snart eg sig atter ende ned.*

*Når vinden lint uti lauvet ruslar,  
eg trur d'er du som gjeng der og tuslar!  
Når sumt der burte eg ser seg snu,  
eg kvekk og trur det må vera du.*

*I kvar som gjeng og som rid og køyrer,  
d'er deg eg ser; deg i alt eg høyrer:  
i song og fløyte- og felelåt,  
men endå best i min eigen gråt.*



## Språket til Vinje




☞ På midten av 1800-talet var språket i avisene prega av den kansellistilen som var vanleg i akademiske utgreiingar og i lovtekstar. Setningane var lange og innfløkte, med mange vanskelege ord. Eit slikt språk var ikkje lett å forstå for folk flest. Vinje var kritisk til denne måten å skrive på:

*Og det er Mange, som hava kjærte seg for, at Stilen er tung og fuld av Kunstord. Eg er ikki blind for Nyttan af ein slik lærd Stil; den agar eller imponerar mangein Lesar; for han trur, at det maa vera grovt til lærde Menn, som skriva slikt eit lærd Spraak. So skriv Futen og Skrivaren og so skriv Professorenen og sjølv Kongsråden.*  
(Vort land 7.4.1867)

☞ Vinje brukte sjølv ein mykje enklare og konkret skrivemåte som var meir i tråd med det talemålet lesarane hans kjende til.



☞ Før han starta Dølen i 1858, brukte Vinje dansk som skriftspråk. Etter at Aasen hadde laga dei første tekstprøvene av landsmålet tidleg i 1850-åra, var Vinje ein av dei første til å ta språket i bruk. Men han heldt seg ikkje til den landsmålsnorma som Aasen hadde sett opp. Han skreiv eit landsmål med talemålsformer frå sin eigen landsdel, nemleg Vest-Telemark, og han var svært glad i å lage nye ord.



Karikaturen  
«Vinjefurua»  
av Theodor  
Kittelsen

## Journalistikken veks fram

☛ I den norske grunnlova av 1814 er ytringsfridom nedfelt som ein grunnleggjande rett for alle borgarar. Ytringsfridommen var ein viktig føresetnad for framveksten av journalistikken. Frå midten av 1800-talet var redaktørar og journalistar etablerte som eigne yrkesgrupper i Noreg.

**i** ☛ Av dei avisene som framleis finst i dag, er Adresseavisen i Trondheim den eldste (1767). Morgenbladet (1819) var den første norske dags-avisa. Den første samiske avisa, Muitalægje, kom ut i 1873.

☛ Frå midten av 1800-talet hadde avisene funne si form som nyheitsmedium. Avisene var også viktige reiska-

par i folkeopplysninga og i den gryande politiske debatten. I 1880-åra vart dei politiske partia Høgre, Venstre og Arbeidarpartiet stifta. Fleire aviser etablerte seg som talerøyr for desse partia, både nasjonalt og lokalt. I 1890 fanst det om lag 100 aviser i landet.

☛ I tida før vi fekk radio, tv og Internett, var det avisene som gav folk flest innsyn i norsk innanrikspolitikk og i det som hende i hovudstaden. Som hovudstads-korrespondent for regionavisa Drammens Tidende hadde Vinje ein viktig posisjon:


*Intet Provindsblad, der vil gjælde for velopdragent og «tidsvarende», tør længere mangle sin Kristiana Korrespondentartikel. Den er ligesaa nødvendig for Bladet, som en Dram paa Morgenkvisten for Sjoueren.*  
(Krydseren 19.3.1851)

## Kulturformidling og underholdning

☞ Frå midten av 1800-talet kom det ut tidsskrift og vekeblad som retta seg mot folk flest. Betre skulegang førte til at dei fleste kunne lese, og etterspurnaden etter lesestoff auka. Tidsskrifta, som for eksempel Dølen, inneheldt både populærvitskaplege tekstar, dikt og forteljingar.

☞ Det illustrerte bladet Skilling-Magazin kom ut i perioden 1835–1891. Undertittelen «Til Udbredelse af almenyttige Kundskaber» viser at bladet såg på seg sjølv som eit tilskot til folkeopplysninga. Illustrasjonane skulle motivere folk til å lese.

☞ Men vekeblada hadde også som mål å underhalde lesarane. Vikingen, frå 1862, var eit satirisk skjemteblad som inneheldt karikaturteikningar og dreiv harselas med aktuelle nyheitssaker.



☞ I 1877 gav den danske Allers-familien ut vekebladet Illustreret Familie-Journal, som seinare vart vekebladet Allers. Trykkkvaliteten var så god at somme hengde bileta på stoveveggen til pynt.



